

---

**Fra:** Eivind Vartdal Ryste <Eivind.Vartdal.Ryste@mr fylke.no>  
**Sendt:** 19. januar 2018 12:20  
**Til:** Postmottak KMD  
**Kopi:** Bergljot Landstad; berit.aarsnes@ks.no  
**Emne:** Høyring forskrift om regionale utviklingsmidlar - tilbakemelding frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Her er tilbakemelding på høyring av forskrift om regionale utviklingsmidlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette er ei administrativ tilbakemelding. Vi har ikkje lagt fram dette som politisk sak sidan den nye forskrifta ikkje inneber endringar i dagens forvaltningspraksis.

Det er bra at ordningane er samla i ei forskrift. Det er ryddig og enkelt å forholde seg til. Det er bra at forskrifta har fokus på formålet med ordningane.

Utover det har vi følgjande kommentarar:

- Kvifor er ikkje §1c omfatta av vilkåra i §4? (Og for så vidt i §3)? Er det ein særskild grunn til at omstillingsordninga ikkje skal inn i regionalforvaltning, og elles følgje dei krava som gjeld i §4?
- I §10 og §13 bør teksten som kjem før punktlista over tildelingskriterier være lik. I §10 står det berre «..., og oppfyller følgjande tildelingskriterier:», medan det i §13 er lagt til ei setning om at «I vurderingen av søknader om tilskudd skal forvalter legge vekt på følgjande tildelingskriterier:» Dette bør vere likt i dei to paragrafane.
- Tildelingskriteriane i §13 er oppført som særreglar. Men innhaldet er ikkje så veldig «sært». F.eks muligheit til å gjere konkret vurdering av resultat og god lokal forankring er tildelingskriterie som er like relevant for dei andre ordningane. Bør dette heller stå under «Fellesbestemmelser»?
- I kapittel IV står det ingenting om kva tildelingskriterie som gjeld når fylkeskommunen skal vurdere søknader frå kommunar/regionar med omstillingsbehov. (Frå den potten vi får med heimel i §16 ) Det står rett nok i § 16 at dei øvrige bestemmelsane i kapitlet gjeld for dei som vil søke støtte frå fylkeskommunen. MEN: Så står det i §17 at dei kriteria gjeld berre i tilfelle der ein kommune/fylkeskommune søker om ekstraordinære statlege omstillingsmidlar. Dette er uklart! Kva vurderingskriterie skal fylkeskommunen bygge sin vurdering av omstillingsprosjekt på? Vi foreslår at kapittel IV får same struktur og innhald som kapittel II og III, innretta mot fylkeskommunen sin vurdering og behandling, og at de heller lagar eit eige kapittel for dei ekstraordinære statlege omstillingsmidlane (som er ei eiga og veldig politisk greie uansett).

Forøvrig meiner vi at posten 553.65 Omstillingsprogram..... ikkje er nødvendig som eigen post, men at pengar til omstilling heller bør gå inn i postane 550.64 og 553.60. Vi jobbar like mykje med å skape omstilling og arbeidsplassar med pengar frå dei postane, som med pengar frå omstillingspotten. Ta det med som eit innspel til forenkling☺ .

**Eivind Vartdal Ryste**  
Seksjonsleiar  
Regional- og næringsavdelinga  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 02 16 / 909 92 406  
[eivind.vartdal.ryste@mrfylke.no](mailto:eivind.vartdal.ryste@mrfylke.no)  
[mrfylke.no](http://mrfylke.no)



Møre og Romsdal  
fylkeskommune